

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 06.06.2019

FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen

SAKA GJELD: **Internrevisjon av internkontroll**
STYRESAK: 015/19

STYREMØTE: **13.06.2019**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar rapport om internrevisjon av internkontroll til vitande og ber administrasjonen følgje opp tiltak som framgår av saksførelegg, tabell 1: Handlingplan for oppfølging av tilrådingar frå internrevisjonsrapport.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest har gjennomført revisjon av føretaka sin oppfølging av Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring. Rapporten peiker mellom anna på behov for å etablere betre styring knytt til oppfølging av risikovurderingar, gjennomføring av leiinga sin gjennomgang og deling av analyser av hendingar og forbetringstiltak på tvers mellom føretaka. SAV legg til grunn oppfølging av funn i rapporten gjennom Q3 og Q4 2019 og har oppsummert aktuelle tiltak i tabell 1.

Fakta

Internrevisjonen i Helse Vest gjennomførte hausten 2018 revisjon av alle føretaka i regionen. Føremål med revisjonen har vore å vurdere korleis føretaka innrettar verksemda for å sikre oppfølging av Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten.

Rapport av 31.5.19 trekkjer fram ulike observasjonar som gjeld oppfølging av forskrifta i og mellom føretaka i Helse Vest, men omtaler og spesifikt observasjonar frå Sjukehusapoteka Vest (SAV).

Internrevisor sine anbefalingar til føretaksgruppa er oppsummert til slutt i rapporten (s.30).

- «Leiinga sin gjennomgang» bør bli fast praksis i alle føretak, også Helse Vest RHF.
- Resultata frå risikovurderingar bør bli samla hjå føretaka slik at ein får et totalbilde av risiko innan dei einskilde føretak. I totalbiletet bør oppfølginga av risiko gå fram.
- Det bør bli etablert prosessar som syter for at analysar av hendingar og forbetringstiltak kan bli delt på tvers av føretaka i Helse Vest.

Styresak 45/18 gjer greie for SAV sin oppfølging av forskrifta per 11-2018. I oppsummering av saka står det mellom anna: *Føretaket arbeider systematisk med leiing og kvalitetsforbedring og har rutinar og system som støtter opp om dei ulike trinna i kvalitetshjulet som forskrifta er bygd opp om. Det er adm. direktør si vurdering at føretaket har etablert system og oppfølging som sikrar etterleving av intensjonar i forskrifta. Det blir arbeidd systematisk med å lukke identifiserte avvik og manglar.*

Diskusjon

Etter gjennomgang av rapporten er det administrasjonen si vurdering at rapporten peikar på relevante punkt for oppfølging i SAV. Desse er oppsummert i tabell 1. Funn frå revisjonsrapporten og tiltak for oppfølging vil bli registrert i Synergi sin revisjonsmodul i tråd med interne rutinar for dokumentert oppfølging av revisjonar. Føretaket vil invitere internrevisjonen til leiarmøte i august/september for å kommentere på rapporten og diskutere vidare oppfølging.

Tabell 1: Handlingsplan for oppfølging av tilrådingar frå internrevisjonsrapport

IR si tilråding	AD sin vurdering	Tiltak	Tidsfrist	Ansvar	Status
Leiinga sin gjennomgang bør bli fast praksis i alle føretak	Relevant for SAV.	1.Etablere prosess for leiinga sin gjennomgang (LGG). Vurdere å samle IKT, ytre miljø og kvalitet i same gjennomgang. 2. Gjennomføre overordna LGG.	31.12.19	Fagavdelinga	Under arbeid
Resultat frå risikovurderingar bør bli samla i føretaket, for å gje eit totalbilete av risiko. I totalbiletet bør oppfølging av risiko gå fram	Relevant for SAV. Opprette dialog med IR for å sikre best mogleg innretting og resultat av tiltak	1.Samle ulike risikovurderingar i ein mappe/eit verkty. 2.Vurdere ulike verkty for risikovurdering og ta val om vidare bruk for SAV. 3.Inkludere oppsummering og vurdering av totalbilete for risiko i LGG.	31.12.19	Adm dir	Under arbeid
Etablere prosessar som syter for at	Relevant for SAV. Eierskap til prosessar som går på tvers av	1. Implementere regionale rutinar for deling	31.12.19	Adm dir	Ikkje starta

analyser av hendingar og forbedringstiltak kan bli delt på tvers av føretaka i Helse Vest	føretak ligg hos RHFet. SAV skal implementere desse prosessane. Deling av erfaringar med analyser av hendingar mv er så langt etablert på fagdirektørnivå, i regionalt beredskapsutval, i forum for systemansvarlege i Synergi og med dei andre sjukehusapotekføretaka.	2.Vidareutvikle samarbeid med andre sjukehusapotekføretak om deling av erfaringar med analyser og felles læring av hendingar mv.			
--	---	--	--	--	--

Konklusjon

SAV følgjer opp rapport frå internrevisjon i Helse Vest med tiltak i tabell 1. Oppfølging blir dokumentert i Synergi.

Vedlegg

Rapport av 31.05.2019 frå Helse Vest – *Internrevisjon av internkontroll*